

# TOKKE KOMMUNE

**KOMMUNEDIREKTØREN**

**SITT FRAMLEGG TIL**

**HANDLINGSPROGRAM OG BUDSJETT  
2023**

**ØKONOMIPLAN  
2023-2026**



## Innhald

TOKKE KOMMUNE .....	1
<b>KOMMUNEDIREKTØREN</b> .....	1
<b>SITT FRAMLEGG TIL</b> .....	1
<b>HANDLINGSPROGRAM OG BUDSJETT</b> .....	1
<b>2023</b> .....	1
<b>ØKONOMIPLAN</b> .....	1
<b>2023-2026</b> .....	1
1 Innleiing.....	5
2 Om dokumentet .....	7
3 Handlingsprogram 2023 - 2026.....	7
OVERORDNA MÅL .....	7
<b>3.1. Samfunn</b> .....	8
<b>3.2 Organisasjon/medarbeidar</b> .....	8
<b>3.3. Økonomi - måltal</b> .....	8
<b>3.4. Brukarar</b> .....	8
<b>3.5. Interkommunalt samarbeid</b> .....	8
<b>3.6 Premiss for budsjettet</b> .....	8
4 Budsjett 2022, økonomiplan 2023 – 2026.....	9
4.0 Budsjettarbeidet og den økonomiske situasjonen i Tokke kommune.....	9
4.1 Tekniske føresetnader .....	10
4.2 Det generelle inntektsgrunnlaget.....	10
4.3 Investeringsbudsjettet - Handlingsprogram investering 2023-2026 .....	11
5. Planområde 1 og 6 – sentraladministrasjon og felles .....	11
5.1. Økonomi .....	11
5.2. Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar .....	11
5.3. utfordringar.....	12
5.4. Mål i handlingsprogramperioden .....	15
6 Planområde 2 Oppvekst, kultur og idrett .....	15
6.1 Økonomi .....	15
6.2 Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar .....	15

6.3	Utfordringar.....	16
6.4	Mål i handlingsprogramperioden .....	19
	<b>«Aktiv og synleg kulturskule».....</b>	<b>19</b>
	Tokke kulturskule skal bli ein viktig ressurs og kompetansesenter for kultur. ....	19
	<b>Kompetanse og planarbeid.....</b>	<b>19</b>
	<b>Bibliotek/Kulturhuset.....</b>	<b>19</b>
	<b>Fokus på born og unge .....</b>	<b>20</b>
6.5	Investering:.....	20
7.	Planområde - 3 Helse- og omsorgsetaten.....	21
7.1.	Økonomi.....	21
7.2.	Årsverk og stillingar .....	23
7.3.	Status og utfordringar .....	24
7.4.	Mål i handlingsprogramperioden .....	31
7.5	Investeringsstatus/behov .....	32
8.	Planområde 4 - Plan, næring og teknisk .....	33
8.1.	Økonomi.....	33
8.2.	Status og utfordringar .....	34
8.3	Investeringar, tabell 2:.....	38
8.4	Mål i handlingsprogramperioden .....	41
8.5	Klimabudsjett .....	41
9	Kommunale avgifter og brukarbetaling .....	43
9.1	Vatn, avløp og renovasjon.....	43
9.2	Andre avgifter og brukarbetalingar .....	43
	<b>Husleiger:</b> For dei fleste kommunale bustadene blir satsane auka med konsumprisindeksen. Ved nye leigekontraktar vert det bare ein utleigepris, eventuelt subsidiering av husleige skal avtalast i arbeidskontrakt.....	43
	<b>Pleie- og omsorg .....</b>	<b>43</b>
	Eigenbetalingane på heimetenester aukar med inntil 3,0%. Prisane på mat frå kjøkkenet blir auka med inntil 3,0%. Betalingssatsar som er avhengig av statlege og andre retningsliner blir justert til det som lovverket gjev høve til. ....	43
	<b>Skule og barnehage .....</b>	<b>43</b>
10	Fond og gjeld .....	44
11	Budsjettvedtak .....	44
	<b>1. Budsjett 2023, handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026.....</b>	<b>44</b>
	<b>2. Gebyr, avgifter brukarbetaling.....</b>	<b>44</b>

<b>3. Inntektsramme for drifta</b> .....	44
<b>4. Budsjettiltak</b> .....	44
<b>5. Fordeling av utgifter mellom etatane</b> .....	44
<b>6. Investeringar</b> .....	45
<b>7. Låneopptak</b> .....	45
<b>8. Eigedomsskattevedtak for 2023</b> .....	45
12 Vedlegg .....	45
Tabell 1 Økonomiplanoversyn.....	46
Tabell 2 Investeringsplan.....	49
Tabell 3 Kommunestyret sitt vedtak til budsjett med prioritera og uprioritera tiltak og innsparingar samt konsekvensvurderingar .....	54
Planområde 1 – SENTRAL .....	54
Planområde 2 – Oppvekst, kultur og idrett.....	56
Planområde 3– HELSE OG OMSORG .....	58
Planområde 4 – Plan, NÆRING OG TEKNISK .....	59
Tabell 4 Løyvingsoversyn driftsbudsjettet.....	63
Tabell 5 Løyvingsoversyn investeringsbudsjettet.....	65
Tabell 6 Økonomisk oversyn drift.....	66

## 1 Innleiing

Kommunedirektøren varsla i budsjettmøte i september fleire tiltak som er vedteke politisk, men må innarbeidast med finansiering frå 2023 og vidare i økonomiplanperioden. Politiske vedtekne tiltak som innarbeidast i 2023 har ei kostnadsramme på 4,9 mill.

Budsjettframlegget kommunedirektøren no legg fram har eit netto driftsresultat på 4,8 %, og ei investeringsramme på 63 millionar, som blir finansiert med eit lånoptak på 31 mill og overføring frå drift med 10 mill i tillegg til momskompensasjon og tilskot/refusjonar

Tokke kommune har med dagens inntekter på kraft økonomiske rammer som gjer det lett for kommunedirektøren å legge fram eit budsjett med mål om netto driftsresultat på 3%. Kommunedirektøren meiner likevel at ein skal vere varsam med å dra på seg varige lønnsutgifter i tider der ein har romslegare økonomiske rammer. I den situasjonen vil det vere viktig å løyse tidsavgrensa utfordringar på drift, vedlikehald og investering, samt å bygge opp disponible økonomiske midlar som ein kan nytte seinare. Kommunen har store investeringsprosjekt som blant anna helsehus, Tokke skule, omsorgsbustadar og renovering av Tokke helsesenter avd. A. Vidare vil det bli store investeringar til VA på Hallbjønnsekken .

VA-anlegget på Hallbjønnsekken kan ikkje realiserast i 2023, det er naudsynt med blant anna prøveboring for å sikre at ein får godt grunnlag for å budsjettere og hente inn prisar på arbeidet. Utan eit grundig forarbeid, vil ein lett kunne få kostnader ein ikkje hadde rekna med. Vidare blir det gjort ei nøyare vurdering på vedlikehald av eksisterande reinseanlegg og konsekvensar etter natur- og mangfaldslova, med omsyn til val av trasé for rør. Arbeidet kan fyrst skje i 2023.

I framlegg til budsjett er det lagt inn to stillingar som fagarbeiderar på uteavdelinga. Det er kjent at etaten har fleire som i kommande år vil kunne ta ut alderspensjon. Dei to stillingane ein no aukar med, vil erstatte stillingar som blir ledige ved naturleg avgang. På denne måten vil ein sikre god opplæring og ein kan utføre fleire vedlikehaldsoppgåver som ein ser å ha etterslep på. Det gjer at ein også må auke vedlikehaldsbudsjettet, då det er å vente at ein vil kunne utføre eit større vedlikehald med fleire tilsette.

Det blir også føreslege oppretta ei LIS 3 legestilling. Grunnen er også her todelt: For det fyrste vil ein sleppe vikarbyrå ved avviking av permisjon for legane og ferie, legane har fire månaders utdanningspermisjon tredje kvart år (dvs. ein lege kvart år). For det andre blir det no hyppig vaktbelastning for legane, då Tokke har forpliktingar i legevaktsamarbeidet. Legar over 55 år, kan bed seg fritatt frå legevakt, som forverrar situasjonen ytterlegare.

Det blir også lagt inn ei mindre stilling til reinhald på omsorgssentret, så helsepersonell kan ha større fokus på sine oppgåver. Resultatet er at ein frigjev ei 60% stilling til å kunne utføre meir helseretta oppgåver.

Kommunedirektøren legg ikkje i sitt framlegg til budsjett opp til endring i pristak ved sal av konsesjonskraft eller innføring av eigedomsskatt.

Pris på barnehageplass blir justert ned i samsvar med reduksjon i makspris.

Kommunedirektøren legg opp til same prosentvise reduksjon i foreldrebetalinga for tilbod i SFO, som i barnehagen.

Elles følger endringar av eigenbetaling/avgifter/brukarbetaling i pkt. nr. 9.

Då kommunedirektøren no legg fram sitt framlegg til budsjett for 2023 og økonomiplanen 2023-2026, er det svært usikkert på spesielt to områder.

Rammeoverføringa er usikker med omsyn til varsla reduksjon i overføring til kommunar som har store inntekter ved sal av konsesjonskraft. Skulle framlegget bli vedteke er det usikkert korleis det får innverknad på rammeoverføringa til Tokke.

I Statsbudsjettet blei det frå 2023 varsla at Husbanken får reduserte rammer og stimuleringsordninga til kommunar som bygger sjukeheimar, omsorgsbustadar mm. fell vekk i 2023.

Ein legg ikkje opp i budsjettframlegget å oppgradere sjukeheimsavdeling A no i 2023.

Grunnen er usikkerhet i støtte gjennom Husbanken og dermed finansieringa av prosjektet.

I skrivande stund kan det bli tidelt støtte for 10 nye omsorgsbustadar. Om ein skulle få positivt svar på søknaden vil omsorgsbustadane bli realisert i 2023 og fullført tideleg i 2024.

(Endring av investeringsbudsjettet.)

Skulle reglane for støtte gjennom Husbanken bli vidareført, vil kommunedirektøren revurdere rehabilitering av sjukeheimsavdeling A allereie i 2023.

Kommunen slit med rekruttering av fagpersonell innan fleire yrkesgrupper. Mange faktorar verkar inn på stabilitet og rekruttering. To faktorar er omdømme og kompetanseutvikling for tilsette. Av den grunn er det i budsjettet lagt inn auka ramme til kompetanseheving og velferdstiltak for dei tilsette.

Kommunedirektøren vil før handsaming av endeleg innstilling til budsjettvedtak i formannskapet legge fram ei evaluering av dagens administrative organisering, ansvar og oppgåveløysing i organisasjonen. I den samanheng kan det vere tilrådingar som kan ha økonomiske konsekvensar.

Kommunedirektøren har etter kommunelova stor mynde til å endre oppgåveløysinga i organisasjonen. Då det er snakk om økonomiske konsekvensar og mogeleg justering av struktur, vil heile eller delar av endringa bli lagt fram for politisk avgjerd.

Fleire av momenta kommunedirektøren peikar på, vil gjere det naudsynt at det vil kome tilleggsnotat frå leiinga. I utgangspunktet er det ikkje ynskjeleg, men med så mange usikre faktorar og politiske saker som kjem til handsaming, som vil kunne få økonomiske konsekvensar er det umogeleg å unngå.

Kommunedirektøren syner elles til etatsvis orientering og forklaring blant anna på utfordringar, handlingsplanar, tiltak og innsparingar.

Dalen 14.10.22

Finn Arne Askje  
kommunedirektør

## 2 Om dokumentet

Som kraftkommune har Tokke vore i ei god økonomisk stilling i høve til dei fleste andre kommunar, men utgifts- og inntektsutviklinga det siste tiåret har gjort at kommunen har måtta gjera grep for å få økonomien i balanse. Det har vore store variasjonar i inntektene, spesielt kraftinntektene, men dei to siste åra har kraftprisane og kraftinntektene auka mykje og gjort budsjettarbeidet enklare. Men krig i Europa og usikker verdssituasjon har gjort at styresmaktene også må gjera grep. Staten via statsbudsjettet strammar såleis inn på kraftinntektene til kommunane, pr dato er det usikkert korleis dette vil slå ut for Tokke i 2023 og framover i økonomiplanen (ØP).

Disposisjonsfondet er rekna til om lag 81 mill. kr ved utgangen av 2022, i tillegg kjem bufferfondet på kr 30 mill. Mykje av disposisjonsfondet, om lag 37 mill., er bunde opp eller alt disponera til vedtekne føremål så nå er det 44 mill. som reelt er disponibelt som er meir enn måltalet (10% av driftsinntektene). Men storleiken på avsetjinga til disp.fond kan endre seg siste kvartal.

Etter ny kommunelov §14-2 gjeldande frå 01.01.2021 skal kommunane nå vedta meir forpliktande finansielle måltal. Det kan vera dette med gjeldsgrad, eigenfinansiering investering, netto driftsresultat eller storleik på disposisjonsfond. Dette med netto driftsresultat og disposisjonsfond har Tokke alt hatt som måltal i fleire år, og kommunedirektøren tilrår vidareføring av dette. I tillegg blir det nå gjort framlegg om eit måltal på 75% netto lånegjeld (lån ekskl. formidlingslån frå Husbanken) i høve til brutto driftsinntekter.

Nedgang i folketal og endringar i samansetjinga av befolkninga fører til mindre skatteinntekter og rammetilskot frå staten i ØP. Styresmaktene reknar såleis med at Tokke skal kunne drivast med mindre utgifter enn det me gjer i dag. Kommunen bør såleis halde fram med arbeidet med å prøve å redusere utgiftsnivået.

## 3 Handlingsprogram 2023 - 2026

### OVERORDNA MÅL

I kommuneplanens samfunnsdel er det satt opp denne visjonen for Tokke kommune:

#### «Kompetanse, kraft og kultur»

Hovudmåla for Tokke kommune er definert slik:

- Tokke kommune skal vere ein open, trygg og attraktiv stad i Vest - Telemark for busetjing og næringsetablering.
- Kraft, kompetanse, kultur, landbruk og natur er grunnlaget for vekst og utvikling av Tokke.
- Tokke kommune skal vere ein inkluderande kommune med universell utforming, ein god tenesteleverandør og truverdig forvaltningsmynde.

Desse hovudmåla gjer føringar for retning for fem fokusområde:

- samfunn
- organisasjon/medarbeidar
- økonomi
- brukarar
- interkommunalt samarbeid

### **3.1. Samfunn**

- Tokke kommunes livsgrunnlag er næringsliv, landbruk og busetnad, og kommunen skal i samarbeid med aktørane leggje til rette for ein aktiv næringspolitikk, ei styrking av landbruket og ein målretta bustadpolitikk.
- Tokke kommune skal leggje til rette for å ta imot flyktningar etter dei måla kommunestyret hev sett.
- Tokke kommune skal synleggjere dei moglegheitane kommunen har innan reiseliv og utvikle Dalen sine kvalitetar som byliknande sentrum i regionen.

### **3.2 Organisasjon/medarbeidar**

- Tokke kommune satsar på å auke kompetansen til dei tilsette.
- Tokke kommune skal vera ein organisasjon prega av endringsvilje og utvikling.
- Tokke kommune skal ha fokus på arbeidsnærvær i alle etatar og ha moderat møteverksemd.

### **3.3. Økonomi - måltal**

- Tokke kommune har som langsiktig mål å ha eit årleg netto driftsresultat på 3,0%.
- Tokke kommune siktar mot eit disposisjonsfond på minst 10% av driftsinntektene, i tillegg til bufferfond kraftinntekter på kr 30 mill.
- Tokke kommune skal ikkje ha større netto lånegjeld enn 75% av brutto driftsinntekter – om lag kr 260 mill.
- Dei kommunale avgiftene – vatn, avløp/slam, renovasjon og feiing - skal ha full dekningsgrad i høve til utgiftene.

### **3.4. Brukarar**

- Tokke kommune nyttar sin faglege kompetanse til å gje rett teneste til rett tid og i rett omfang.
- Tokke kommune skal legge til rette for tidleg innsats i høve til barn og unge.
- Tokke kommune skal ha ei omsorgsteneste prega av kompetanse og ny teknologi.

### **3.5. Interkommunalt samarbeid**

- Tokke kommune deltek aktivt i nye interkommunale samarbeidstiltak på dei område dette er tenleg.

### **3.6 Premiss for budsjettet**

- Avgrense låneopptak
- Avgrense investeringane, utover det som er planlagt i 2023



- Det skal vere høg terskel for å nytte disposisjonsfondet til tiltak gjennom budsjettåret 2023
- Ein skal ha fokus på å nå målet om at ingen tilsette skal ha uønska deltid. Omfang 01.01.23 og utviklinga gjennom året blir rapportert i kvarttalsrapporten.
  - Auke antall heltidsstillingar
- Auke i antall prosjekter i egen regi, med 20 %.
- Grunnskulepoeng skal ligge på nivå med snitt frå dei 4 siste åra
- I kulturskulen er målet 50% deltaking i målgruppa

## 4 Budsjett 2022, økonomiplan 2023 – 2026

### 4.0 Budsjettarbeidet og den økonomiske situasjonen i Tokke kommune

Som kraftkommune har Tokke vore i ei god økonomisk stilling i høve til dei fleste andre kommunar, men utgifts- og inntektsutviklinga det siste tiåret har gjort at kommunen har måtta gjera grep for å få økonomien i balanse. Det har vore store variasjonar i inntektene, spesielt kraftinntektene, men dei to siste åra har kraftprisane og kraftinntektene auka mykje og gjort budsjettarbeidet enklare. Men krig i Europa og usikker verdssituasjon har gjort at styresmaktene også må gjera grep. Staten via statsbudsjettet strammar såleis inn på kraftinntektene til kommunane, pr dato er det usikkert korleis dette vil slå ut for Tokke i 2023 og framover i økonomiplanen (ØP).

Disposisjonsfondet er rekna til om lag 81 mill. kr ved utgangen av 2022, i tillegg kjem bufferfondet på kr 30 mill. Mykje av disposisjonsfondet, om lag 37 mill., er bunde opp eller alt disponera til vedtekne føremål så nå er det 44 mill. som reelt er disponibelt som er meir enn måltalet (10% av driftsinntektene). Men storleiken på avsetjinga til disp.fond kan endre seg siste kvartal.

Etter ny kommunelov §14-2 gjeldande frå 01.01.2021 skal kommunane nå vedta meir forpliktande finansielle måltal. Det kan vera dette med gjeldsgrad, eigenfinansiering investering, netto driftsresultat eller storleik på disposisjonsfond. Dette med netto driftsresultat og disposisjonsfond har Tokke alt hatt som måltal i fleire år, og kommunedirektøren tilrår vidareføring av dette. I tillegg blir det nå gjort framlegg om eit måltal på 75% netto lånegjeld (lån ekskl. formidlingslån frå Husbanken) i høve til brutto driftsinntekter.

Nedgang i folketal og endringar i samansetjinga av befolkninga fører til mindre skatteinntekter og rammetilskot frå staten i ØP. Styresmaktene reknar såleis med at Tokke skal kunne drivast med mindre utgifter enn det me gjer i dag. Kommunen bør såleis halde fram med arbeidet med å prøve å redusere utgiftsnivået.

## 4.1 Tekniske føresetnader

Dette framlegget til budsjett for 2023 byggjer på økonomiplanen frå i fjor, naudsynte konsekvensar av endringar gjennom 2022 samt statsbudsjettet for 2023.

Vidare inneheld budsjettframlegget kommunedirektøren sine prioriteringar av utviklingstiltak.

Alle opplysningar er oppdaterte så langt råd er, og blir justera etter endeleg vedtak. Føresetnaden er ein rekneskap for 2022 med overskot eller i balanse. Nedanfor er det gjeve eit oversyn over dei viktigaste tekniske føresetnadene som er gjort .

- Utgiftsauken frå 2022 til 2023, ofte kalla deflatoren, er sett til 3,7% når det gjeld andre driftsutgifter og løner, som i statsbudsjettet.
- Pensjonspremien for KLP-medlemmar er sett til 14% i 2023. Pensjonspremie på 8,52 % for lærarar i Statens Pensjonskasse - SPK.
- Arbeidsgjevaravgift på 10,6 % - uendra.
- Pristaket for straumprisen blir uendra og sett til 38 øre for 2023.
- Ei renteutvikling innafor dei fleste ekspertane sine prognosar, ein auke med 2,5%-poeng. Stigande renter, men usikkert på lengre sikt. Låneopptak er utrekna med 5,0% rente.

Det er rekna med utbyte frå VTK AS med kr 4,2 mill., som i gjeldande økonomiplan.

## 4.2 Det generelle inntektsgrunlaget

Skatteinntektene og rammetilskotet, dei såkalla frie inntektene, utgjer kr 174,5 mill. i Tokke for 2023(tabell 1) - dette i samsvar med Telemarksforsking sine utrekningar i samband med framlagt statsbudsjett. Inntektene syner ein liten auke i ØP til kr 175,5 mill. Dette har samanheng med nedgang i folketalet og samansetjinga av folketalet. Som følgje av svært høge kraftprisar i 2021 og 2022 er dei budsjetterte inntektene frå konsesjonskraftsalet sett til kr 37 mill. i 2023 – venteleg litt forsiktig, men dette er vanskeleg å budsjettere. Det er lagt inn ein ekstra buffer med kr 22 mill. i påvente av endelege skattevedtak og retningslinjer frå styresmaktene. Inntektene er sett til kr 26 mill. vidare i ØP(40 øre kwh).

Eigedomsskatteinntektene frå kraftverk gjekk noko opp i 2021 som følgje av auka straumprisar seinare år til kr 42,5 mill., men i år blei eigedomsskatten mindre, kr 35,9 mill. I ny ØP er inntektene sett til kr 47 mill. i 2023 og 45 mill. seinare i ØP som følgje av høge kraftprisar i 2021 og 2022. Inntektene frå eigedomsskatt er likevel framleis usikre, jf framlegg til nye skattereglar i statsbudsjettet.

Finansutgifter – renter og avdrag - er budsjettert til 17,3 mill. i 2023 og vil som følgje av store investeringar i ØP auke til kr 24 mill. i 2026. Rentenivået er nå sterkt stigande, og det er rekna **5,0% lånerente** i ØP, men dette kan endre seg snøgt. Stor auke i kapitalutgiftene vil nødvendigvis ha konsekvensar for driftsbudsjettet elles.

### 4.3 Investeringsbudsjettet - Handlingsprogram investering 2023-2026

Tokke kommune har i gjeldande ØP vedteke ei rekkje investeringar i perioden 2022-2025. Kommunedirektøren tilrår ein ny stor investeringsplan som nok kan vera vanskeleg å få gjennomført heilt etter planen, både i høve til økonomien og ikkje minst kapasiteten personellmessig. Den framlagde planen med brutto kr 63 mill. i 2023 og kr 118 mill. i 2024 vil krevje nye låneopptak med i alt kr 145 mill. i ØP. Dette krev meir kapitalutgifter i driftsbudsjetta, frå 2024 særleg.

Investeringsplanen inneheld prosjektnummer på investeringsprosjekta og kolonne for ansvarleg planområde/tilvisar. Den inneheld også revidert budsjett for 2022. Alle investeringsprosjekt som er sett opp i 2023 er prioritert. Prioriteringa er sett i parentes etter teksten i fyrste kolonne. Prioritet (1) er prosjekt som er årvisse eller er i gang og som må fullførast eller vidareførast i 2023. Prioritet (2) er dei nye prosjekt kommunedirektøren meiner må prioriterast fyrst i 2023, prioritet (3) dei som bør prioriterast i 2023 og prioritet (4) dei som kan prioriterast, men som kan utsetjast.

Syner elles til tabell 2 og nærare om kvart prosjekt under kvart planområde.

## 5. Planområde 1 og 6 – sentraladministrasjon og felles

### 5.1. Økonomi

- Planområde 1 har ei nettoramme for 2023 på kr 32,7 mill. Det er tilført ekstra til ramma i 2023 med kr 1,9 mill. – jf. tabell 3.
- Planområde 6 er fellesinntektene til kommunen, som rammetilskot frå staten, konsesjonskraftsal, konsesjonsavgifter, skattar, eigedomsskatt frå kraftverk m.m., utbytte og renter.
- Fellesinntektene blir fordela ut og utgjer nettoramma til kvart planområde.

### 5.2. Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar

- Planområde 1 har 23,9 årsverk inkl. NAV Vest-Telemark, ordførar og varaordførar. I tillegg er det noen prosjektstillingar i NAV.
- Kommunedirektøren er øvste leiar for administrasjonen, alle planområde.
- Ordførar er øvste leiar for kommunen, og er leiar for kommunedirektøren på vegne av kommunestyret.

#### Politisk struktur:

Den politiske strukturen er bygd opp slik at mange kan deltake i politisk arbeid. Det er vedteke i 2021 at ein ikkje skal endre på politisk struktur i kommunen og det betyr at me har same inndeling i utval som tidlegare. Utvala skal ha same ansvarsområde som tidlegare og

det er viktig at leiarane i utvala er/held seg orientert om sakene som er aktuelle til handsaming og at administrasjonen er flinke til å orientere om viktige saker.

### **5.3. utfordringar**

#### **Planområde 1 sine utfordringar:**

- Eventuell auka arbeidsløysa på grunn av usikkerheit i arbeids marknaden
- Organisasjonsutvikling, leiaropplæring og -utvikling
- Finansiære og ta i bruk nye teknologiske løysingar

#### **ØKONOMIAVD.**

Avdelinga er auka til 3,8 stillingar frå 01.12.22, avtala med Fyresdal kommune om samarbeid om lønnskøying gjeng då ut. Stadig nye og oppgraderingar av ikt- løysingar og –modular krev mykje av medarbeidarane. Ny økonomisjef må bli tilsett i 2023.

#### **PERSONAL, ARKIV OG RESEPSJON**

Både økonomi, personal, arkiv og resepsjon yter tenester for tilsette, innbyggjarar og besøkande og har dermed viktig rolle i organisasjonen. Avdelinga har hovudansvar om oppdatering, systemadministrasjon og opplæring i fleire store it-løysningar. Dette krev mykje ressursar og kunnskap frå personalet som bruker ein del tid til dette.

Avdelinga må i 2023 saman med etatane jobbe intensivt med informasjonstryggleik og GDPR i kommunen. Det er ekstremt viktig at tilsette i kommunen er klare over tiltak som kan sikre at uvedkomande ikkje får tilgang i sensitiv informasjon. For å bevisstgjere tilsette gjennomfører alle, både leiarar og tilsette opplæringsprogram om GDPR Alle leiarar i kommunen gjennomfører i tillegg meir omfattande opplæringa i GDPR for å kunne støtte tilsette og diskutere tema i avdelingsmøta.

Våren 2023 når opplæring i GDPR er ferdig startar opplæring om informasjonstryggleik.

Avdelinga har også hovudansvar om digitalisering. Utviklinga i digitalisering går fort og kommunen må følgje med for å kunne tilby gode tenester. Avdelinga har ein kontaktperson i DigiTV (Digital Telemark og Vestfold).

#### **NAV VEST-TELEMARK**

Det er mykje usikkerhet i marknaden nå og signal for 2023 er at vi kan forvente auke i arbeidsløysa som fylgje av auka straumprisar, høge drivstoff prisar ,auka rentenivå osv. Alle desse faktorane kan påverke sysselsettinga og vi må forvente auke i arbeidsløysa .Det vil og bli større etterspørsel etter NAV tenester i den samanheng. Vi er nå 26 fast tilsette og to prosjektmedarbeidarar.

Utfordringar i 2023:

NAV Vest-Telemark gjennomfører arbeidsmarkedspolitikken i tråd med sentrale føringar og nyttar kommunale og statlege tiltak for å få fleire i arbeid og aktivitet.

Vi ser og for oss at vi får eit auka trykk på tenester til flyktingar. Alle kommunane har tatt i mot mange og skal ta imot fleire som etter kvart vil bli arbeidsøkerar. Det vil og føre til auka utgifter til økonomisk sosialhjelp og KVP for kommunane. Det vil krevje tett oppfølging frå NAV for å få dei i utdanning/arbeid. Vi har eit prosjekt som er inne i 2.året nå «God nok tilknytning til arbeid»

Det er ei aukande gjeldsbyrde blant folk og talet på dei som har trong for gjeldsrådgjevingstenester stig. Vest –Telemark har ei 60% stilling til denne tenesta . NAV Vest-Telemark har fått prosjektmidlar av statsforvaltaren for å styrke denne tenesta . Det er tilsett ein i 100% stilling og prosjektet kan vare i inntil 3 år.

NAV har heile tida kompetanse på dagsorden og fokus i 2023 er veiledningskompetanse, markedskompetanse og kompetanse leiing .

## **IKT**

Driftsbudsjett: Grunna forventa endringar på fast personell bl.a. grunna pensjonsalder er det nødvendig å rekruttere nesten 50% av dagens tilsette vil det i 2023 og 2024 samt og truleg 2025 vere nødvendig å ha eit høgda budsjett for å dekke nødvendig overlapp og rekruttering. Det må påreknast for Tokke sin del ein auke som tilsvarar om lag 250.000,- for å dekke ein overlapp på 50% av personell som går av med pensjon neste 1-2 år. Tokke sin del i VTDS er 27% av totalbudsjettet.

Erfaring viser at det tar minimum 1-2 år å etablere tilstrekkeleg kompetanse på kommunen sine IKT løysingar for å vere optimalt operativ. Vi må syte for at vi får overlapp og kunnskapsoverføring. I tillegg er det viktig å rekruttere rett personell.

Serviceavtaler og utstyr har auka grunna dollarkurs og situasjonen i verdsmarknaden innan dataelektronikk. Elles vil det kome kostnader på tiltak for å auke datatryggleiken. Her bør kommunen legge inn ein forventa kostnadsauke på 350.000,-.

Det er ein liten justering på prisane til Microsoft på avtala reforhandla i Juni 2022. Det er ein auke på om lag 50.000,-. Lisensieringa vert framover styrt av talet på tilsette registrert i lønssystemet. Kostnaden på lisensar vil derfor i hovudsak bli styrt av kor mange tilsette som ligg aktive. Dette omfattar også 0% som jobbar på timar. Derfor vil dette legge eit større ansvar på avdelingane i å melde stop på stillingar i lønssystemet.

Med den satsing og fokus det er på IT i kommunane er det vanskeleg å sjå at det er på IT innsparingane kjem framover. Det er eit veldig høgt fokus på datatryggleik og tiltak for å auke denne. Det må nok heller forventast at driftsutgifter på IT vil auke i framtida. Det er også i tråd med kva som blir uttalt av bl.a. DigiTV som er eit prosjekt Tokke kommune er deltakar i.

## **TOKKE KYRKJELEGE FELLESRÅD**

Høyrer inn under planområde 1 då kommunen er ansvarleg for tilskot til drift, vedlikehald, forvaltning og investeringar jf. kyrkjelova § 15 og gravferdslova § 3.

Fellesrådet er pliktig etter lova å syte for ressursar til forvaltning og administrasjon av sokneråda og fellesrådet si verksemd. Kommunens overføring til fellesrådet skal gje fellesrådet høve til at lovpålagte oppgåver vert dekt, i tillegg kan kommunal tenesteyting koma inn i staden for særskilt tilskot. Kommunal tenesteytingsavtale er frå 1999 og det er naudsynt med revidering av tenesteytingsavtalen.

Kyrkjeleg verksemd i Tokke er svært desentralisert og difor kostnadskrevjande, med 5 kyrkjer og gravplasser, samt teknisk lager for kyrkjegardsdrifta på Vistad og kyrkjekontor på kommunehuset.

### **Driftsbudsjett 2023**

Fellesrådet har ønskje om ei justering av rammetilskotet med kr 300.000 til kr. 4.618.000.

- Kr 200.000 pga lønsauke og anna auke i løn
- Kr 100.000 pga stort vedlikehaldsbehov i kyrkje

Av dette er det ein auke på 160 000 i budsjettet (kommunal deflator på 3,7%).

### **Prosjekt 2023**

Ramma på prosjekt for 2022 var på kr 4.788.000. Til no i haust er brukt kr. 1.200.000. Brukt på prosjekt 1, 2 og 3. Når vi går inn i 2023 vert det overført kr. 3.588.000 for å ferdigstille prosjekt som er i gang, eller er under planlegging.

1. El fornyinga i kyrkjene, er i gang. Mo kyrkje vert tatt i november. Skafså kyrkje, Høydalsmo kyrkje og Lårdal kyrkje vert tatt på nyåret. (Ramme kr. 1.900.000)
2. Skafså kyrkje rehabilitering utvendig. Prosjekt er godkjent,- og ute på anbod i november. Ferdig i 2023. (Ramme kr. 2.000.000)
3. HC-inngang Lårdal kyrkje. Prosjektet er godkjent. Ferdig i 2023. (Ramme kr 400.000)
4. Prestestoga i Eidsborg. Nytt tak. Det vert planlagt for å få det ferdig i 2023. (Ramme kr 488.000)
5. Tilbygg til Fjellkyrkja. Planlagt ferdig i 2023. Finansiering kr. 500.000 frå TKF sitt disposisjonsfond

Tiltak som vert jobba med parallelt med prosjekta er; fornying av taleanlegga i kyrkjene, fornying av kjøler i bårerom og ras sikring frå Skafså kyrkje. For å få til dette vert noko tatt på drifta og resten over prosjektmiddel. For fellesrådet er det viktig å behalde kr. 900.000 som ligg inne i økonomiplanen for 2023 Denne ramma er tenkt brukt;

- Kr. 300.000 for å ferdigfinansiere HC-inngang Lårdal (auka kostnad til kr. 700,000)
- Kr 200.000 for å ferdigfinansiere nytt tak på prestestoga i Eidsborg (auke i ramme)
- Kr. 200.000 til fornying av kjøler i bårerom
- Kr 200.000 til fornying av taleanlegg i Høydalsmo og Lårdal

### **Investeringsplan i økonomiplanperioden vidare**

6. Måling av Mo kyrkje og snøfangarar på tak i 2024. Kr. 600.000.
7. Utsifting av lastebil til ein nyare i 2024. Kr. 800.000.
8. Måling av Høydalsmo kyrkje og snøfangarar på tak i 2025. Kr. 500.000
9. Måling av Lårdal kyrkje og snøfangarar på tak i 2026. Kr. 600.000

Kjøp av areal i Mo i tilknytning kyrkje og kyrkjegard og servicebygg i Mo, er to viktige tiltak som vil finne sin plass i prioritetsrekka når fellesrådet har fått arbeidd meir med det.

## 5.4. Mål i handlingsprogramperioden

Mål nr.	Utfordringar og tiltak	Mål
5.4. 1.	Oppdatering av beredskapsplanverket	Innan 2023
5.4.2	Jobbe med utvikling av arbeidsmiljø og relevant kompetanseheving slik at tilsette føler trivsel og meistring	Ikkje arbeidsrelatert sjukefråvær
5.4.3	Revidering av arkivplan	Ferdigstille arkivplan i 2023.
5.4.4	Ny tenesteytingsavtala mellom Tokke kommune og kyrkja	Fullført i 2023
5.4.5	Informasjonstryggleik	Sikre informasjonsbehandling som inngår i oppgåver og tenester.

## 6 Planområde 2 Oppvekst, kultur og idrett

### 6.1 Økonomi

Planområde 2 har ei nettoramme for 2023 på 79,2 mill.

### 6.2 Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar

Årsverk i planområde 2 pr 01.10.21: 89,03

Årsverk i planområde 2 pr. 01.10.22: 89,97

I ramma pr 01.01.23 er 1,0 betalt av annan kommune.

I tillegg kjem ressursar til flyktningar på område: Integrasjon, vaksenopplæring, skule og barnehage.

## 6.3 utfordringar

### PERSONALSITUASJON:

Oppvekstsektoren har gjennom lovgevinga dei siste åra blitt sterkt styrt på minimumsbemanning og utdanningskrav. Me har nokre fag i grunnskulen der me ikkje har nødvendig fagkompetanse som lovverket krev. Ein må derfor halde fram satsinga med å nytte seg av kompetanseheving der staten finansierer store delar av utgiftene. Det har generelt vore krevjande med rekruttering i etaten. Det har vore få søkjarar til særskild stillingar innan skule og vaksenopplæringa. Mottak av mange flyktingar i kommunen krev ekstra ressursar. For tida manglar etaten lærarstillingar i omlag 300%. Me stettar krava til kompetanse i barnehagen, og har pr. dags dato to pedagogar pr. avd. Det er fleire pedagogar som nærmar seg pensjon, det kan bli krevjande i høve rekruttering av nyttilsette. Tokke kommune har gjeve tilbod om utdanningsstønad og vidareutdanning til barnehagelærarutdanning. I haust 22 var det ei som nytta seg av dette tilbodet.

### KULTUR:

Etaten har store faste utgifter på kulturområdet, som gjer at utgifter til kultur pr. innbyggjar vert høg. Å samanlikne utgiftene til kultur mellom kommunane er vanskeleg. Det er alt kva som blir lagt inn i KOSTRA registreringa. I høve KOSTRA ligg likevel Tokke svært høgt i høve både drift og investering. Det er omlag 2,5 mill. som er bundne opp i faste kostnader på kulturområdet i Tokke. Besøkstalet på kinoen har vore bra, men me slit meir med besøkstalet på andre kulturaktivitetar som til dømes teater.

### KULTURSKULEN:

I kulturskulen er talet langt over alle kommunane i Vest-Telemark og KOSTRA gruppe 6 i høve born i aldersgruppa 6-15 år som nyttar seg av tilbodet. Varierende tilbod og auke i interesse innan skulemusikk er døme på god deltaking.

Kulturskulen arbeider med å ferdigstille lokale læreplanar

### BIBLIOTEK:

Folkebiblioteket i Tokke har eit flott besøkstal og driv økonomisk effektivt, især om ein ser det med omsyn til det store besøkstalet. Vest-Telemark vidaregåande skule dekkjer ei 50% stilling på biblioteket.

Etter år med pandemi er biblioteket i ferd med å få aktivitetsnivået opp på tidlegare nivå. Det er fokus på å tilby mangfald av arrangement, byggje gode samarbeid og vere ein tilgjengeleg møteplass for store og små.

Rolla som skulebibliotek er prioritert. Sommarles-kampanjen var ein suksess også i 2022, med høg deltaking. Kostnadar til premiar og materiell aukar, men det er ei viktig satsing. I løpet av 2022 fekk Høydalsmo filial ferdigstilt løysing for sjølvbetening og meirope. No kan brukarane gå på biblioteket kvar dag om dei vil. I ein prøveperiode er bemanna opningstid utvida til to ettermiddagar i veka.



Løysing for studierom/stillekontor ved hovudbiblioteket har vore ute på anbod, ein har valt leverandør og håpar å ha modulane på plass innan nyttår.

### **BARNEHAGE OG SKULE:**

- Etter leikeplasskontroll er dei mest alvorlege forholda utbetra, men det er framleis trong for utbetring av fleire avvik som ikkje er karakterisert som alvorlege.
- Minimumsbemanning – lovkrav både i barnehage og skule (pt. innanfor både i bhg og skule)
- Arbeid og krav om å lage ei oppvekstplan i kvar kommune i løpet av vår 2023.

### **Barnehagane:**

Netto driftsutgifter av kommunens budsjett brukt til barnehage er nær tilsvarande KOSTRA gruppe 6, og ligg lågt i samanlikning med dei andre Vest - Telemark kommunane med unntak av Kviteseid og Fyresdal som ligg litt under.

#### Utfordringar:

Det er 4 barnehagar i Tokke kommune. Barnehagane i Dalen og Høydalsmo er nye og moderne. Det er noko behov for solskjerming, uteskur/bodar og takutstikk over dører. Barnehagane i Åmdals Verk og Byrte fungerer bra. Gode leikeareal og uteområde. I Åmdals Verk må ein vurdere å bytte sand i sandkasse. Vaksentettleiken er stor på grunn av få born.

### **Skule:**

Tokke har etter forholda ikkje dyr drift av grunnskulen. Me ligg litt over beløpet som er for drift av grunnskule i KOSTRA gruppe 6, og det er berre Kviteseid som brukar mindre på skule av kommunen sitt totale budsjett.

Bemanninga i grunnskulen har vore redusert med mange årsverk (5-6) gjennom fleire omgangar frå 2011/2012.

Tokkeskulen har kostnadseffektiv drift og ein bør vere varsam med å redusere talet på årsverk.

Tokke ligg framleis lågast med 5% på spesialundervisning, og er ei halvering i samanlikning med dei andre kommunane i Vest Telemark med unntak av Vinje som ligg på 8%. Antall timar på spesialundervisning ligg derimot høgt. Dette betyr at Tokke har få vedtak, men dei elevane som får støtte får mange timar. Tokke ligg svært høgt i høve grunnskulepoeng med 46,3. Dette er godt over både KOSTRA gruppe 6 og dei andre kommunane i Vest – Telemark. Berre Nissedal ligg litt over.

#### Utfordringar:

- Utdanningskrav i grunnskulen (basisfaga) – me har pt. ikkje nok fagkompetanse til å tilfredsstille nye utdanningskrav. Det vil vere trong for at fleire lærarar nyttar seg av statlege ordningar med vidareutdanning
- Begge skulane har fått avvik på ventilasjon. Det er trong for utbetring av ventilasjonsanlegget på begge skulane.  
Leiing, tilsette og verneapparatet ser ventilasjon som viktigare enn heis i Høydalsmo. Ein må heller vurdere heis om det skulle bli trong for det.
- Spesialrom (formingsrom) på begge skulane treng opprusting og vedlikehald.
- Toalett ved Høydalsmo skule treng oppgradering og tette avlukka mellom toaletta.

- Det behov for å auke budsjetta innan dei praktiske faga på grunn av auke i aktivitetsnivå (fleire praktiske fag/fagfornyninga) og prisauke Dette medfører ein kostnad på om lag kr 90 000 som må takast frå eiga ramme.

### **MOTTAK AV FLYKTNINGAR:**

Flyktingtenesta blei på ny iverksett, våren 2022. Tokke kommune har førebels tatt imot 46 flyktingar (nokon kjem i næraste tid). Av desse kjem 42 frå Ukraina, medan 4 kjem frå Kongo. Vaksenopplæringa starta opp att august 2022, der det vil vere 27 flyktingar som deltek i løpet av okt/nov. 8 av desse kjem frå Fyresdal. Det er lagt 350% ressursar til vaksenopplæringa, og 140% til integrering. Det er framleis nokre få ressursar i eit samarbeidsprosjekt med Vest-Telemark vidaregåande skule for å auke minoritetspråklege elevar sin moglegheit for å lukkast med å få fagbrev i helse- og oppvekstfag. Det er 4 flyktingar som går på vidaregåande frå Ukraina.

Det har vore krevjande å ta imot så mange flyktingar i skule på kort tid. Det har kome 17 elevar til Tokke skule, haust 2022. Dette krev ressursar. I skulen er det sett av 300% til lærarstillingar og 150% til assistent/sfo.

Det er relativt få born i barnehagen, der er det sett av 50%. I barnehagen har det kome 6 born.

Det er særskild behov for mykje ressursar i den fyrste tida etter at flyktingane har kome. Mykje skal på plass både i høve integrering, opplæring og organisering. Ein vil i løpet av våren vurdere om ein kan korrigere ned ressursane frå vår 2022 til haust 2023.

Kommunestyret i Tokke har vedteke og signera at kommunen skal vere ei «Fribygd». Utgiftene for å ta imot ein person som er på flukt for sine ytringar,- vil krevje nokre kostnader: (det er ikkje lagt inn nokre kostnader i vedtaket)

- Vedkommande som kjem treng ein plass/kontor for å utøve sin praksis.
- Det er behov for ein koordinator rolle som er stipulert til 20% stilling.

### **UNGDOMSKLUBBEN:**

Dalen ungdomsklubb er open 3 kveldar i veka frå 8. klasse og oppover. Dei er tilbake i normal drift etter covid-19, men det tek tid for ungdommen å finne tilbake.

Det manglar 1 i fast stilling, men det er sett inn vikarar ut våren, og det ser ut som dei blir ein bra gjeng.

Skateparken er godt brukt og er eit vellukka prosjekt. Kontainer til utstyr er også på plass. Lan party blir 16. desember 2022 og rusfritt arr. 11. februar 2023.

### **FERIE- OG FRITIDSAKTIVITETAR FOR BORN:**

I familiar med låg inntekt kan det vere utfordrande å prioritere ferie og fritidsaktivitetar for barn og unge. Resultatet kan då bli at barna ikkje får dei opplevingane, positive meistringsarenaene og inkluderingsarenaene som er ynskjeleg. I ein ytterlegare konsekvens kan det føre til utanforskap og marginalisering.

Tokke kommune har gjennomført «sommarskule» for alle born frå 5. klasse og oppover i veka etter skuleslutt. Tilbodet er særskilt viktig for born som kjem frå låginntektsfamiliar. Nokre av desse familiare har lite rom for å reise på ferie og liknande. Vår geografiske

plassering gjer at familiarene gjerne må bruke mykje pengar på transport. Dette kan auke terskelen for at ein har moglegheit til å nytte ferien til å få nye impulsar og gode opplevingar. Tilbodet går ut til alle for å hindre stigmatisering. Sommarskulen har fått svært gode tilbakemeldingar med mykje trivsel, aktivitet og samhald. Det er ønskjeleg at dette blir ei fast ordning i åra som kjem.

## 6.4 Mål i handlingsprogramperioden

Mål nr.	Utfordringar og tiltak	Mål
6.4.1	<b>Utviklingsarbeid i barnehage og skule</b>	Leik som regulering. Tilknytningsstrategiar.
		Innfasing og vidare arbeid av nye bestemmingar i barnehagelova §§ 41-43
		Autoriativ vaksenrolle , tilbakemeldingskultur.
		Digitale verktøy og system. Innføring av Visma sikker sak.
		Fagfornyng – skulen fekk nye læreplanar frå hausten 2020 og det er framleis ein del utviklingsarbeid knytt til dette også i skuleåret 22/23.
		MOT i skulen og skulen som samfunnsbygger.
		Fokus på psykisk helse og «robuste» ungdom
Oppfølging av nasjonale prøver, engelsk.		
6.4.2	<b>«Aktiv og synleg kulturskule»</b> Tokke kulturskule skal bli ein viktig ressurs og kompetansesenter for kultur.	Ferdigstille lokale læreplanar ut frå kulturskulens nasjonale rammeplanar
		Legge til rette for utveksling av kunnskap og ressursar med grannekommunanes kulturskular – kontinuerleg arbeid
		Auka samarbeid med elevrådet på skulane og ungdomsrådet – aktiv deltaking frå rektor
6.4.3	<b>Kompetanse og planarbeid</b>	<i>Barnehagen:</i> Kompetanseauking med fokus på det pedagogiske tilbodet, særskilt inn mot inkluderande barnehage. Samarbeid med USN.
		<i>Skulen:</i> sikre naudsynt kompetanse i basisfaga, som stettar lovkrav.
		Fagfornyng vil kunne medføre auka kompetansebehov. Samarbeid med USN.
		<i>Kultur og administrasjon:</i> Ein legg til rette for kompetanseauking som er relevant for stillingane.
		Starte opp arbeidet med plan for kultur og frivillig arbeid
		Ferdigstille idrett- og friluftspanen
		Oppstart/arbeid med oppvekstplan.
6.4.4	<b>Bibliotek/Kulturhuset</b>	Prioritere formidling og tilbod til barn og unge. Samarbeide tett med skulane. Arrangere fleire lesestunder og bokprat for klasser og barnehage. Halde fram satsinga på Sommarles.
		Skifte til nytt biblioteksystem.

Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål
		Utover Bygdekinoen, Teater Ibsen, Folkeakademiet og biblioteket sine arrangement vil ein forsøke å ha åtte tilstellingar i året
		Samlingspunkt for nye og gamle Tokke buerar. Språk - cafe.
6.4.5	<b>Fokus på born og unge</b>	Heim for ein 50 lapp, flexiruter
		Utvide opningtid på Tokke gym
		Vidareføre sommarskulen
		Rusfri arrangement i regi av ung.klubben

## 6.5 Investering:

### Skifte ut smartboard på skulane

Store delar av undervisninga i skulen går føre seg ved bruk av smartboard tavler.

Noverande tavler er om lag 10 til 12 år gamle. Mange byrjar å bli defekte, og mange delar må skiftast ut. I det lange løp vil det truleg ikkje løne seg å reparere på gamalt. Det er også uvisst om ein får tak i delar til dei gamle projektor tavlene.

Det er ønskeleg med interaktive skjermar, som vil gjere bruken enklare for lærarane. Dette vil vere ei stor oppgradering i høve teknologi og funksjonalitet. Desse skjermene vil gjere bruken enklare for lærarane, samt at skjermene har vesentleg skarpere bilete, kontrast og lys.

Om lag kr 30.000,- + mva pr skjerm.

**Total kostnad: kr 1 000 000**

### Skifte til nytt biblioteksystem

Vest-Telemarkbiblioteka nyttar felles biblioteksystem (Mikromarc). Dette er i ferd med å bli fasa ut av leverandør og me må gå over til eit anna. Felles anbudsprosess er starta opp i samarbeid med Telemark Innkjøpssamarbeid. Det er usikkert kva endeleg kostnad blir for Tokke, men viktig å setje av midlar til naudsynt investering.

**Kostnad: Om lag kr 150 000**

## 7. Planområde - 3 Helse- og omsorgsetaten

### 7.1. Økonomi


Planområde 3 har ei nettoramme for 2023 på 94,0 mill

Utgifter kommunale helse og omsorgstenestar per innbyggjar (kr), 2020 – 2021:


	<b>3820 Seljord</b>	<b>3821 Kviteseid</b>	<b>3822 Nissedal</b>	<b>3823 Fyresdal</b>	<b>3824 Tokke</b>	<b>3825 Vinje</b>	<b>KOSTRA Gruppe 6</b>
<b>2020</b>	36 685	40 958	48 245	46 404	50 433	50 908	40 714
<b>2021</b>	41 532	45 333	52 121	52 856	55 856	57 964	51 291

Kjelde: SSB


Tokke kommune ligg høgt på utgifter til helse og omsorgstenestar. Tabell under synar til at ein ligg litt høgare på utgifter til kommunehelsetenesta, enn omsorgstenestar. Kostnad per opphaldsdøgn i institusjon ligg i den nedre delen, med omsyn til nabokommunane



12209: Utvalgte nøkkeltall for helse og omsorg, etter region, statistikkvariabel og år Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent) 2021



12209: Utvalgte nøkkeltall for helse og omsorg, etter region, statistikkvariabel og år Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon (kr) 2021



## 7.2. Årsverk og stillingar

Avdeling	2016	2018	2019	2020	2021	2022
Administrasjon	2,4	3,2	3,4	3,0	3,0	3,0
Lærlingar				3,0	3,0	3,0
Heimetenesta	24,8 4	21,78	21,79	23,59	22,99	22,99
Enkelt brukar heimeteneste			5,0	5,0	5,0	5,0
Institusjon	36,1	32,25	32,25	30,58	30,18	30,18
Åheim bufellesskap	10,6	10,6	10,6	5,6	5,4	5,4
Enkelt brukarar Åheim	3,67	3,67	6,0	11,0	11,0	11,0
Kjøkken	4,51	4,51	4,51	4,51	4,31	4,31
Legeteneste	7,3	7,9 (inkl avdelingsleiar helse 0,6)	8,3 (inkl avdelingsleiar helse 1,0)	8,3	8,3	8,3
Helsestasjon-skulehelse / jordmor	3,4	3,4	3,2	3,2	3,2	3,2
Fysio-/ergo-terapi	2,0	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0
Psykisk helse	4,0	3,6	4,6	4,6	4,6	4,6
Total	98,4 2	93,23 (Enkeltbrukarar 3,67) *	101,97 (Enkeltbrukarar 11,0) *	105,38 Inkludert lærlingar 3 (Enkeltbrukar 16,0)	103,98 inkludert 3 lærlingar (Enkeltbrukar 16,0)	103,48 Inkludert 3 lærlingar (Enkeltbrukar 16,0)

\* talet på enkeltbrukar er feilregistra 2018 og 2019.

Gjennom dei siste åra ligg ein relativt stabilt på tilsette i helse og omsorgstenesta. Etter kvart når tenestemottakarane aukar, vil òg behovet for personell bli høgare. Frå 2019 til 2040 vil Tokka kommune ha trong for 30 fleire helsepersonell i institusjon og heimetenesta, enn 2019. Dei tilsetja er den viktigaste ressursen ein har. Det gjennomførast no fleire tiltak for å sjå på blant anna oppgåvefordelinga i helse og omsorg, velferdsteknologi mm. Det er viktig at Tokke kommune er ein god arbeidsplass, derfor blir òg dette (velferdstiltak) eit tiltak i handlingsprogrammet for 2023

### 7.3. Status og utfordringar

Helse og omsorgstenestane i Tokke kommune skal vera berekraftige og sikra innbyggjarane gode levekår og likeverdige tenestar. Nasjonale reformer og omstillingar har gjeve kommunane eit større ansvar for å ivareta innbyggjarane si eiga helse og for at alle skal få tilgang på likeverdige tenestar.

Det er viktig å halde fram med målsetjing om at flest mogeleg skal bu heime, fremja eiga omsorg og planlegging av livet og alderdomen sin. Tokke kommune har dei siste åra styrkt heimetenesta for å følgja opp regjeringa si satsing om at fleire skal bu heime. Det siste året har ein hatt eit lågare belegg på sjukeheimen. I tråd med budsjettvedtaket for 2022 har kommunen ikkje kaupet plassar i andre kommunar. Ein har hatt nokon overliggar på sjukehus, men det grunnar seg ikkje manglande plass, men heller mangel på personale og planlegging saman med sjukehuset. Tildelingskontoret er særskild viktig for å styra tildelinga av tenestar, det får direkte innverknad på tenestenivået og kor tenestane skal gjevast.

Endringar i spesialisthelsetenesta med redusert liggetid på sjukehus gjev kommunane større ansvar for å vareta sine eiga innbyggjarar. Mange lever med kroniske sjukdomar som krev avansert oppfølging av helsepersonell. Ein har dei siste åra sett ei raskare utskrivning frå psykiatriske avdelingar. Det er krevjande for kommunane å bygga opp tiltak rundt enkeltpersonar.

Tokke kommune er med i nettverket «Gode pasientforløp» i regi av KS. Her samarbeider kommunar og helseforretak på tvers, for å skapa gode forløp mellom tenestar, både internt og eksternt. Det vil stille mykje større krav til samhandling mellom etatar og institusjonar i framtida. Helsefelleskapet som var oppretta 2020 er regjeringa sitt svar på korleis ein skal klara å realisera «pasientens helseteneste».

Behov for helsepersonell er forsett aukande og vil vera den aller største utfordringa i åra som kjem. Tokke kommune arbeidar med både kort og langsiktige strategiar. Eit av tiltaka er TØRN prosjektet som vil sjå på fordelinga av oppgåver mellom helsepersonell og andre yrkesgrupper, men også på organisering av arbeidet.


Gjennom pandemien har reinhaldpersonale tatt over vasking på omsorgssenteret. Det har fungert svært bra og ordninga blir vidareført, slik at helsepersonell blir frigjeve til å gjera andre oppgåver. Ein må seinare vurdere same ordning for vasking av fellesareal på Åheim, Høydalsmo alderspensjonat og på avdeling J.

Framtidas behov av tenestar er henta frå regjeringa sitt verktøy, som syner tall på tenestemottakarar og kor stort behovet av årsverk kommunen vil ha fram mot 2040.

Tabellen synar eit jamt aukande behov for årsverk i helse og omsorgstenesta i Tokke kommune, talet på demens vil også auke i sama periode



### Årsverk. 2019, 2030 og 2040. Tokke




Her kan du tilpasse figuren:

Velg kommune  
Tokke

Velg kategori  
 Antall tjenestemottakere  
 Årsverk  
 Årsverk per 1000 innbygger

Velg tjeneste  
 (All)  
 Behov for årsverk i barnehagene  
 Behov for årsverk institusjon og hjemmetjeneste  
 Behov for lærerårsverk i grunnskolen

Tjeneste  
■ Behov for årsverk i barnehagene  
■ Behov for årsverk institusjon og hjemmetjeneste  
■ Behov for lærerårsverk i grunnskolen



Kjelde : Aldring og helse

## **BARNEVERN**

Barnevernsreforma trådte i kraft frå 01.01.2022. Reforma gjev auka oppgåver til kommunen og eit betydeleg større økonomisk ansvar for barnevernstenesta. Reforma har som mål å styrke kommunens førebyggjande arbeid og har stort fokus på tidleg innsats i heile oppvekstsektoren. I løpet av året har det vore arbeida mykje med å få reforma på plass og det står heilt klart at utgiftene vil auke etter kvart. Blant anna så vil ein ikkje lenger få refundert utgifter for plasseringar, på sama måte som før. Godt førebyggjande arbeid og godt samarbeid mellom barnevern og andre kommunale tenestar vil vera heilt avgjerande for å lukkas og for å hindre plasseringar og auka utgifter.

## **INSTITUSJON**

Institusjon har 28 plassar. 23 langtids plassar (derav 7 på skjerma avdeling), 4 korttids plassar og 1 avlastings plass. I 2021 var det mykje overbelegg, derfor var det lagt inn 30 sjukeheimplassar i vente på bygging av nye omsorgsbustader. Året 2022 har vore annleis, det har vore lange periodar med lågt belegg med mellom 20 – 25 pasientar på sjukeheimen. Ein har difor ikkje hatt sama forbruk med plassar i andre kommunar som sist år og ikkje heller så mange overbelegg på sjukehus.

Døgn på sjukehus/kommune til og med september 2021 og 2022:

	<b>2021</b>	<b>Kostnad</b>	<b>2022</b>	<b>Kostnad</b>
<b>Overliggar døgn STHF</b>	63	317 268	16	84 896
<b>Døgn i andre kommunar</b>	37	99 900	0	0
<b>Total</b>		<b>417 168</b>		<b>84 896</b>

Det er framleis utfordringar med å få tilstrekkeleg bemanning. Blant anna er det sett i gang tiltak med å vurdera korleis ein kan fordele arbeidsoppgåver på ein annan måte, dessutan sjå på organisering av arbeidet. Her ser ein på om det er tiltak som kan gjerast for å frigjera helsepersonell. Blant anna ser ein på servering og handtering mat, oppvask og reinhald, om det kan leggast til assistentar eller andre faggrupper.

Det er som tidlegare nemnt få demens plassar utifrå innbyggjarar og reelt behov.


Utforming av bygget er òg ei utfordring. No er det laga ei god plan for ombygging av institusjon som vil hjelpa både på plassar for demente og arbeidskvardagen for dei tilsetja.

## **HEIMETENESTA**

Heimetenestane er eit samlebegrep for fleire kommunale tenestar, blant anna helsetenestar i heimen (heimesjukepleia, praktisk bistand), ergoterapi, kvardagsmeistring, hjelpemidlar, trygghetsalarmar og dagsenter.

Framtida omsorgstenestar i Tokke kommune skal legge til rette for at brukarane i størst mogeleg grad skal bu i eiga heim. Velferdsteknologiske hjelpemidlar i tillegg til aktiv støtte gjennom blant anna kvardagsmeistring vil gje brukarane betre moglegheit til å meistra kvardagen.

Det merkast at fleire bur heime og det har gjer eit behov for å auke bemanninga noko på helg, med 40 % stilling. Dette vil dekke ei ekstra vakt på laurdag og søndag. Dette vil gå å dekke gjennom omdisponering av ressursar frå institusjon.



Dekningsgrad synar til delen av befolkninga som til eit gjæve tidspunkt kan få ein type av teneste frå kommunen. Ei høg dekning av heimeteneste for innbyggjarar over 80, indikerer at kommunen har få institusjonsplassar. Tokke kommune har potensiale for eit auka tilbod for dei over 80 år, samtidig som ein bør prøve å reduserer noko for innbyggjarar under 66 år. Avdelinga har innført multidose i 2022, noko som vil vera med på å redusere tenestane i nokon grad for dei yngre pasientane.

Dagavdelinga har tilbod to dagar per veka. Det er eit stor ynskje frå fleire brukarar og pårørande om å auka tilbodet. Tokke kommune har vore heldige å få tilskott for aktivitetar for eldre og har på den måten klart å auka aktiviteten noko. Dagavdelinga var stengd lenge under pandemien og ein ser at det vil vera formålstenleg å flytta han slik at blir tilgang til dagsentret utanfrå. Ei flytting og utbygging er no lagt inn i investeringsplanen. Det har lenge vore eit ynskje om ein felles buss til helse og omsorgsetaten, som kan brukas av blant anna dagavdelinga. Den er no lagt inn i driftsbudsjettet.

Det har under fleire år vore vanskeleg å rekruttera støttekontaktar. Godtgjering for støttekontaktar er ikkje stor og har ikkje heller vore endra på lang tid. Ein gjennomgåing av ordninga vil bli gjennomført i 2023, der ein vil leggja fram ei eiga sak om korleis ein bør organisera og lønne ei slik teneste.

### **ÅHEIM BUFELLESSKAP**

Det var tidleg i 2020 vedteke ein gjennomgåing av drifta på Åheim bufellesskap. Gjennomgåinga har vore utsett fleire gonger på grunn av driftsmessige forhold. Rekruttera og behalde personale har vore ei utfordring gjennom heile året. et siste året har ytterlegare brukarar kome over grensa for særleg resurskrevjande omsorgstenestar. At det er fleire brukarar som kjem over grensa, visar at det er fleire brukarar som får eit auka behov for bistand og hjelp. Fleire av bebuarande blir eldre og det er ei naturleg utvikling.

Fleire av omsorgsbustadene på Åheim er i behov for oppussing og fornying. Leilegheitene er gamle og har ikkje vore pussa opp på mange år. Felles arealet har òg behov for oppussing. Kjøkkenet er gammalt og lite eigna til å laga mat kvar dag. Felles lager står framleis på ønskelista og er lagt inn for 2023.

BABU har fungert bra som lokalt aktivitetstilbod for eit par brukarar. Samarbeidet med Røde kors er svært godt og har gjæve moglegheit for ei inntekt. BABU brukar den gamle bussen til helsesenteret, men han er no for gamal. Det har gjennom fleire år vore ynskje om ein ny buss. Det er no lagt inn i driftsbudsjettet, slik at den kan brukas saman med dei andre avdelingar i kommunen.

### **KJØKKEN**

Det nye kjøkkenet fungerer godt. Det er god kvalitet på tenestane og mat for både innleggsande pasientar og heimebuande. Inntekt for levering av mat både til pasientar og møte aukar.

Ein opplever at det blir vanskeleg å få rekruttert òg her. Det har vore lyst ut stilling som kokk, men få søkjarar har meldt seg. Samstundes er det viktig å oppretthalde kompetansen som institusjonskokk då ein forventar ei fageleg utvikling framover.

### **HELSEAVDELINGA**

#### **Legeteneste og legevakt**

I budsjett for 2022 var 20 % diabetessjukepleiar innført att. Det har vore ei styrking og auka kvaliteten på oppfølginga av pasientgruppa.

I budsjettet for 2023 er det foreslått ei stilling som kreftkoordinator i 20 % stilling. Bakgrunnen for det er nasjonal plan for å implementering av: «Pakkeforløp heim for pasientar med kreft». For å gjennomføre tiltaket er det naudsynt med frigjering av fagpersonell som kan følgja opp pasientar og deira pårørande over tid. Ein forslår at denne stillinga blir knytt til legekantoret, på grunn av at den polikliniske kreftbehandlinga ligg der.

*«Pakkeforløp hjem for kreftpasienter skal sikre forutsigbarhet og trygghet for pasientene og kvalitet i utredning, behandling og oppfølging, både i spesialisthelsetjenesten og i kommunal helse- og omsorgstjeneste. Videre skal kreftpasienter, deres pårørende og etterlatte oppleve et velorganisert, helhetlig og forutsigbart forløp med et spesielt fokus på psykososial oppfølging.»*

Fastlegeordninga har vore mykje diskutert nasjonalt dei siste åra og det er tydeleg at ei styrking er nødvendig. I statsbudsjett for 2023 vil regjeringa auka basistilskottet for kvar lege, det betyr noko meir inntekt rammeoverføringa. Det er ikkje gjort nokon endring i fastlegeordninga i Tokke sidan 2008, då det var oppretta ei ny stillingsheimel. Alle fastlegar har fastlegeliste på rundt 700 pasientar. Med tre fastlegar og ei LIS 1 stilling vil kommunedirektøren i fyrste omgang tilrå å oppretta ei LIS 3 stilling, som er ei utdanningsstilling i allmennmedisin. Tokke legekontor med tre spesialistar i allmennmedisin og ein spesialsit i samfunnsmedisin er godt rusta for å ta imot legar under spesialistutdanning.

Skien kommune har søkt midlar for alle kommunar i Telemark og Vestfold, til innføring av digital heimeoppfølging. Dette er eit velferdsteknologi prosjekt som gjer at legetenesta kan følgja opp pasientar i eiga heim.

Tokke og Vinje legevakt har eit godt samarbeid. Ein har tidligare rapportert om utforringar til å rekruttera til fastlegestillingar, der legevakt er ein del av stillinga. Både Tokke og Vinje kommune har fått tildelt 1,5 millionar kvar frå helsedirektoratet, for å utarbeida tiltak som vil vera med på å sikra rekruttering og behalde legar i vakt. Prosjektet vil gå over eit til to år.

### **Helsestasjon og skulehelseteneste**


Helsestasjon og skulehelseteneste er ei lovpålagt oppgåva og er å sjå på som ei av kommunen sine kjernetenestar. I Tokke kommune er det for tida 2,5 stillingar knytt til helsestasjon og skulehelsetenesta, 2,0 helsesjukepleiar og 0,5 konsulent. Jordmor kjem i tillegg med 0,4 kommunal stilling og 0,6 knytt til jordmorvakt, men kostnaden av jordmorvakt er delt mellom vertskommune, samarbeidd/sjukehuset og kommunen.

Frå haust 2022 har regjeringa innført rett til barnekoordinator. Retten til barnekoordinator gjeld for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsatt funksjonsevne, der barnet har behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester. Barnekoordinator skal koordinere det samla tenestetilbodet rundt familien og bidra aktivt for å vareta ansvaret kommunen har for oppfølging og tilrettelegging for familien. Det kjem midlar som vil dekke denne funksjonen, men det er framleis usikkert kor i organisasjonen denne vil ligge. Tildelingskontoret er å sjå på som vår koordinerande eining, så det kan vera aktuelt med ei plassering der.

Gjennom dei siste åra har ein satsa på foreldrerettleingskurset Circle of Security Parenteing (COS-P). Dette er eit verktøy til å forstå betre kva type behov barn har, kva slags signal dei gjev og kva foreldre kan gjere for å møte desse behova betre. Programmet er primært tenkt for foreldre med barn frå 0-12 år, men kan nyttast lenger for eldre born/ungdom. Alle føresette uansett om ein har utfordringar med barna sine eller ikkje vil ha god nytte av dette kurset. Tiltaket vil utviklast og innlemmas meir i kommunen sine førebyggjande tiltak. Her vil ein i fyrste omgang bruke tilskottsmidlar ein fått frå helsedirektoratet.

Jordmorsamarbeidet blir endra noko frå 2023, då Tinn kommune vil bli ein del av samarbeidet med dei andre Vest Telemark kommunane. Samstundes bør òg Tokke kommune vurdere om ein skal ta del av jordmorsamarbeidet fullt ut. Tokke deltar no i vaksamarbeidet, men ikkje i verdskommunesamarbeidet, som omhandlar jordmortenestar på dagtid. Det vil bli lagt fram ei eiga sak om vurdering om oppslutning i verdskommunesamarbeidet.

## **FYSIO- OG ERGOTERAPITENESTA**



Tokke kommune brukar meire ressursar til fysioterapi enn andre kommunar i Vest Telemark. Tenesta er ein viktig del av den førebyggjande helsetenesta i kommunen og som er med på setja i verk tiltak som vil spara samfunnet for framtida. I vår var det sett i verk tiltak for å ta i bruk moglegheita for å ta inn takstar, som no ligg inne som innsparingstiltak i helse og omsorg. Avdelinga har eit ynskje om å få tatt i bruk ein modul for fagprogrammet Pridok, som gjer at dei kan dokumentera og kommunisera betra med legetenesta. Kostnad knytt til det vil bli tatt i kvartalsrapport.

Ergoterapeut er ei lovpålagt oppgåva for kommunane frå 01.01.20. I Tokke kommune har ein 100% stilling som ergoterapeut. Resursane er knytt til rehabilitering og kvardagsmeistring, og dessutan til utprøving og kartlegging av hjelpemiddelbehov. Ergoterapeuten har òg vore viktig med arbeid rundt innføring av velferdsteknologi. Hjelpemiddelsentralen har lagt over stor del av sine oppgåver til kommunane og det har hatt konsekvensar for ergoterapeuten, som har fått mange fleire oppdrag.

## **PSYKISK HELSE OG RUS**

Regjeringa vil styrka tilbodet innan psykisk helse og er i ferd med laga ei opptrappingsplan som skal leggas fram i 2023.

Endringar i spesialisthelsetenesta gjer at ein opplever at fleire pasientar blir sendt heim tidleg til kommunane. Ein ser ein generell auke av fleire dårlege pasientar i behov av tett oppfølging og samansette tenestar. Psykoseproblematikk, valdsrisiko/utagging, oppfølging på tvang, rusproblematikk, behov for tett oppfølging i form av miljøterapi, burettleing og gruppeterapi er noko av utfordringane ein står overfor.

Dette er eit større helse/omsorg og samfunnsproblem enn det psykisk helse og rus aleine kan ta ansvar for, men psykisk helseteneste blir ofte sentrale i behandling og oppfølginga fordi dette er sjuke menneske med store hjelpebehov.

For å sikra ein fagleg god teneste må ein ha ressursar i form av nok personell med kompetanse på området. Nokon pasientar må ein gå 2 tilsetja til for å oppfylle kravet om å vere forsvarleg. Det trengs 2 tilsetja for å driva grupper fagleg forsvarleg.

Tokke kommune har vedteke å delta i verdskommunesamarbeid om Rask Psykisk Helsehjelp (RPH) saman med dei andre Vest Telemark kommunane, som er innarbeidd i økonomiplanen.

#### 7.4. Mål i handlingsprogramperioden

Mål nr.	Utfordringar og tiltak	Mål
7.4.1	Rekruttere og behalde helsepersonell <ul style="list-style-type: none"> <li>- Målrretta utlysing av stillingar</li> <li>- Heilskaplege tiltak for å rekruttere ferievikarar</li> <li>- Lokale prosjekt for disponering og omfordeling av oppgåver</li> <li>- Leiarutvikling som følger kvalitetsforskrift i helse og omsorgstenesta</li> </ul>	Tokke kommune er ein attraktiv arbeidsgivar med god organisasjonskultur som legg til rette for å tiltrekka seg og utvikla kompetente, initiativrike og stolte medarbeidarar og leiarar.
7.4.2	Brukarar og pårørande skal ha moglegheit til å påverka tenestar og beslutningar som påverkar den enkelte. (Kva er viktig for deg?) <ul style="list-style-type: none"> <li>-Skape fora for samarbeid med brukarar og pårørande</li> <li>- Systematisk oppfølging av pårørande for spesielle grupper (kreft og demens)</li> </ul>	Auke brukarmedvirkning og samskaping

Mål nr.	Utfordringar og tiltak	Mål
7.4.3	Tokke kommune skal vera delaktige i prosjekter på lokalt og regionalt nivå. Digital heimeoppfølging Digital kompetanseheving	Digitaliseiring og velferdsteknologi, kompetanse og kvalitet
7.4.4	Gjennomgåing av støttekontakt organisering og godtgjering	Godt fungerande støttekontakt tilbod som dekker behovet

## 7.5 Investeringsstatus/behov

Fleire byggnadsmessige forbetringar er foreslått i investeringsplanen. Det viktigaste er å få pussa opp på Tokke helsesenter og få lagt til rette for eigne bad for alle pasientar. Samstundes må enn auke del demensplassar og vidare utvikling av dagavdelinga. Helsehuset har òg behov for oppussing ligg i planen framover. Det kan òg vera aktuelt for utviding og samlokalisering av dei private fysioterapeutane og kommunalefysioterapeutane. Det ville vera med på å styrka miljøet.

Transport er ei utfordring for fleire avdelingar, Dagavdeling, BABU og psykisk helse og rus. Pasientar med behov bur i heile kommunen og det lokalet tilbodet er for dårleg. Ein buss som avdelingar kunne bruka på tvers av grupper, ville vera med på å løysa denne utfordringa. Ein veit at fysisk aktivitet og sosialisering er ei av dei viktigaste tiltaka ved førebygging for framtida.

Dei siste åra har etaten fått ei 150 000 til utstyr og det har komma godt med. Jamleg oppstår det behovet for nødvendige innkjøp av bland anna elektronisk utstyr og fornying av møblar til avdelingane. Det er foreslått vidareført med 100 000 pr år.

Som tidligare nemnt er det det behovet for å fornya og setja inn takheis i fleire rom. Dette bør sjåas i saman med ombygging og oppussing av avdelingane.

Alarmanlegget på Tokke helsesenter er gammalt og skal ein klara å følgja med i utviklinga med velferdsteknologi er det naudsynt med innkjøp av eit nytt anlegg. Kommunane kan få støtte frå husbanken. Anlegget blir lagt inn samtidig som oppussing av sjukeheimen.



## 8. Planområde 4 - Plan, næring og teknisk

### 8.1. Økonomi

Planområde 4 har ei nettoramme for 2023 på 34,7 mill

Kommunalsjef er øvste leiar for administrasjonen i 100% stilling. Etaten har ei konsulentstilling i 100% som mellom anna fakturerer kommunale avgifter og gebyr, utvalshandsaming m.m. på alle områda.

#### Plan og næring:

Plan og næringsområdet har 7 årsverk som er direkte lagt til kommunalsjefen: Byggjesak 100%, kart/ oppmåling 100%, arealplanleggar 100%, jordbruk 100%, skog/ utmark 100%, nærings- og samfunnsutviklar 100% og reiseliv 100%. I tillegg har me lønsbudsjett på omlag 150 000,- til turistkontor sommarstid og 150 000,- til sysselsetjingsarbeid for skuleungdom. Jegerkorpset har eit budsjett på omlag 150 000,-, der ein del er finansiert av inntekter frå fellingsavgifter og jaktutleige.

Kommunalsjefen har tre mellomleiarar for tekniske avdelingar på områda VVA, uteavdeling og eigedomsforvaltning.

#### Uteavdeling:

Arbeidsformann i 100% stilling er avdelingsleiar og har ansvaret for dagleg drift av bygningar, vegar og anlegg. Avdelinga har 10 tilsette, fordela på 9,93 årsverk.

#### Eigedomsforvaltning:

Eigedomsforvaltar i 100% stilling er avdelingsleiar og dekker fagfelte reinhald, byggforvaltning og brannberedskap.

#### Brann

Brann har 16 stillingar på 1,4%, totalt 0,224 årsverk.

#### Reinhold

På reinhald er det 18 tilsette fordela på 17,04 årsverk.

#### Vatn og avlaup:

VVA – ingeniør i 100% stilling er avdelingsleiar og dekker fagområda vatn- og avlaup. Avdelinga har i tillegg 4 årsverk fordela på 4 tilsette. Avdelinga samarbeider godt med eigedomsforvaltning og uteavdelinga.

#### Renovasjon og slamtøming:

Lokal føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljar, samt gebyr for feiing/ tilsyn, vart endra i 2020 som følgje av naudsynte og lovpålagte tilpassingar. Ein konsekvens av dette er noko lågare gebyr for hushaldningar, men og ei auke i gebyra for hytter.

### Politisk organisering:

Landbruk, miljø og teknisk utval (LMT) handsamar saker innafor områda teknisk drift, byggjesak, kart/ oppmåling, klima/ miljø, skog/ utmark, reiseliv og landbruk. Formannskapet handsamar saker om næringstilskot, sal av næringsareal, samt plansaker; reguleringsplanar, kommunedelplan m.m.

## **8.2. Status og utfordringar**

### **GENERELT:**

Plan, nærings og teknisk etat har høg aktivitet innan både investeringar, utviklingsprosjekt og drift. Samstundes driftar me til dagleg mange anlegg, der mykje er gamle bygningar og anlegg som treng fornying. Me meiner at planverket som nå ligg til grunn for mange prioriteringar, er eit godt verktøy, men må følgjast opp med midlar. Trafikksikringsplan for 2019-2022 har gjort til at me har fått bra med eksterne mildar til trafikksikringsprosjekt og denne må snart reviderast og vedtakast for ny periode. Ny landbruksplan er under utarbeiding, skal vedtas haust 2022, og det undervegs i planperioden auka satsingsområde/ tilskot til nydyrking som ikkje er fylgd opp med midlar. Maskinplan for tekniske avdelingar er i stor grad fylgd opp i investeringsbudsjett, noko som har gjeve eit stort lyft t.d. innan maskiner for brann og kommunale vegar. Vegplanen må jamleg reviderast, og me ser at det særleg er ei utfordring med meir ekstremvær som må leggjast til grunn i større grad ved dimensjonering av grøfting/ stikkrenner, m.m. Oppfølging av vedlikehaldsplanen vår for kommunale bygg, er ikkje fylgd opp med tilsvarende driftsrammer. Her er det store etterslep, og dyr drift mange stader på grunn av store og lite funksjonelle bygningsareal samt gamle anlegg.

### **PLAN:**

Ny planstrategi blei vedteken i 2021, og legg føringane for prioritering av planarbeid i perioden. Reguleringsplan Dalen er sett i gang, og reguleringsplan Åmdals Verk skal starte opp i 2022/23.

Gebyrinntekter frå kart- og oppmåling, plan og byggesak ligg samla på omlag 1 mill. Dette vil variere frå år til år. Nytt bustadfelt på Bakken aust i Høydalsmo er ferdig regulert og opparbeidast no med VVA i 2022.

Reguleringsplanarbeid for Dalen er sett i gang og blir førebels finansiert av investeringsbudsjett bustadtømt.

Fleire fagplanar skal som nemnt ovanfor reviderast saman med budsjett.

Grøntanlegg kring Dalen sentrum samt kommunale anlegg treng fleire stader oppgradering. Det er i gang eit samarbeid i sentrum med tanke på fordeling av utgifter til nyplanting og drift. Dalen bryggje Lastein er eit områda med aukande besøk, og med mange funksjonar og omsyn. Det er ynskje om eit formidlingsarbeid knytt til heilskapleg og estetisk god skilting i dette området.

Nye regionale planar for m.a. reiseliv og for innovasjon, blir i hovudsak jobba med regionalt, gjennom Vest – Telemarkrådet. Planane gjev viktige føringar og rammer for satsingar i fylket, og det er viktig at Tokke kommune følgjer opp satsingar som gjerne òg heng saman med prioritering av økonomiske verkemiddel.

## NÆRING OG REISELIV:

Satsing på nye etableringar og utvikling av eksisterande verksemder, med ekstra fokus på etablering på næringsareal i Høydalsmo. Vidare utvikling av næringsareal Vistadmoen, og Haugsevje, med oppfølging av prosjekt om industriutvikling. Reguleringsplan Dalen legg føringar for utviklinga. Utleige og tilrettelegging industribygg på Tokkestad og oppfølging av Samfunnsutvikling- med særleg fokus bustadattraktivitet, møteplassar og ungdom/ unge vaksne. etableringar i Tokke Teknologipark, der vi har garantert for utleige av kontorplassar. Synleggjering av bustadtomter og støtteordningar til etablering eller opprusting av bustader. Etablere møteplassar og ha fokus på eit levande og attraktivt sentrum. Oppfølging av Ungdommens Distriktspanel sine 10 råd, med medverknadsprosessar og tiltak.

Auka satsing på sykkelaktivitetar, tilrettelegging og mobillisering for auka bruk av sykkel og gange.

Gjennomføre sertifiseringsprosess for berekraftig reisemålsutvikling. Følgje opp målsettingar i dette arbeidet, gjerne med eigen reiselivsplan for Tokke kommune. Halde stor aktivitet på synleggjering av reiselivs attraksjonar og aktivitetar. Satse vidare på natur- og kulturbaserte aktivitetar som guida turar, utleige av utstyr som sykklar, SUP-brett m.m. Vidareutvikle drift av bubilparkering og kiosk ved bryggja, og halde fokus på god kvalitet i drift av Soria Moria. Følgje opp reiselivsverksemder gjennom dialog og synleggjering.

### Faste utbetalningar Næringstiltak (midlar frå konsesjonsavgifter):

Telemarkskanalen Regionalpark	260000
Skien – Dalen Skipsselskap	100000
Henrik Ibsen	100000
Visit Telemark	85000
Skafsåheia Løypelag (årleg tilskot jfr avtale om drift)	150000
Dalsmarken (jfr vedtak til og med 2023)	50000
Tokke Båtlag	21000
Tilskot marknadstiltak (Næringssamskipnad)	50000
Haukelivegen AS	19000
NOKAS Verdihandtering, minibank	85000
TOTALT, faste utbetalningar næringstiltak	<b>920000</b>

Ramme for næringstiltak er på 2,2 millionar i 2022, der 920 000 er faste utbetalningar. Ramma vert bruka opp, og det er god aktivitet i næringslivet med etableringar , vekst og utvikling.

Ny næringsplan, og andre planar, bør vere tufta på grøn omstilling, berekraft og auka verdiskaping- i tråd med overordna mål i regionalt og sentralt..

## LANDBRUK:

Status: viktig med gode og treffande tilskotsordningar i landbruksplan, nyttig for bonden! Utfordring: høg kostnadsauke i jordbruket, nedgåande utvikling i jordbruksføretak

Kommunalt tilskot etter landbruksplan har dei siste åra hatt ei økonomisk ramme på

kr 800 000. Det er høg etterspurnad etter midlane og det har vore trong for ekstraløyvingar enkelte år. Det er ynskje om å styrke tilskotsordningane etter landbruksplan, i tillegg til at det er forslag om fleire tilskotsordningar innan både jord og skog. Det vil derfor vere trong for auka ramme framover etter revidering av landbruksplan. (Forslag til ramme 1,5 mill.)

#### **SKOGBRUKET:**

God aktivitet når det gjeld hogst og planting. AT skog melder om mange som ynskjer å hogge. Brutto gjennomsnitt tømmerpris hittil i år er 493,- kroner.

Ungskogpleieaktiviteten er under det den bør vera, det er trong for tiltak for å auke aktiviteten på ungskogpleia.

#### **JEGERKORPSET:**

Jegerkorpset fungerer bra, men det er krevjande å få ut dyr som er døde/avliva, det er heile tida trong for å vurdere hjelpemiddel.

#### **TEKNISK UTEAVDELING:**

Vegplan og maskinplan for uteavdelinga, gjer framlegg om prioriteringar i ein 4-årsperiode, som er lagt til grunn i budsjettframlegget. Saman med vedlikehaldsplanen gjev dette eit godt grunnlag for budsjettering, både av drift og investeringar i åra som kjem. Maskinplan blir politisk behandla oktober 2022. Lager til maskin og utstyr er det svært lite av og bør etablerast snarast råd. Vegplan blir handsama november 2022.

Økonomien på uteavdelinga er bunde opp i faste utgifter, serviceavtaler, med lite midlar til vanlege vedlikehaldsoppgåver både på bygg og veg. Ved uføresette hendingar vert det fort overskridingar av budsjett.

#### **EIGEDOM-/BYGGFORVALTNING OG REINHOLD**

Eigedomsavdelinga har ein vedlikehaldsplan som synleggjer behovet for oppgraderingar og vedlikehald av kommunale bygg, handsamast oktober 2022. Denne ligg til grunn for prioriteringar av investeringsmidlar. Me opplever støtt krav og tilsyn frå sentrale myndigheiter, slik som på brannstasjon, asbest i bygningar og anlegg, m.m. og med tilhøyrande krav om sertifisering/ kursing. Brannalarmanlegg er av eldre årgang og må utbetrast i nokre bygg.

Reinholdarane i Tokke kommune gjer ein god og viktig jobb for tilsette, brukarar og pasientar i Tokke kommune. Reinhalderane får stadig nye utfordringar, med fleire kvadratmeter å gjere reint. Teamorganiseringa som er gradvis utvida, fungerer godt og gjev både god utnytting av ressursane og mindre sårbarheit.

Det er kjøpt inn vedlikehaldsprogram for byggforvaltning som inneber driftsmodul og digitale reinhaldsplanar.

#### **BRANNKORPS**

Tokke Brann og Redning har 16 brannkonstablar. Brannvesenet har dei siste åra fått eit kjempeløft når det gjelder stasjon, utstyr og utdanning. Brannvesenet sine oppgåver aukar

stadig i typar og omfang, og dei er ofte dei fyrste av utrykningsetatane på mange alvorlege ulykker.

## VATN OG AVLAUP

Vatn- og avlaupsavdelinga er sårbare i høve til sjukdom, og det er viktig å ha stillingar nok til einkvar tid, for å halde oppe tenestenivå og naudsynt kompetanse.

Garderobeanlegg er viktig for HMS, difor er det viktig å få på plass rein/u-rein sone på Dalen reinseanlegg.

Viktig å prioritere midlar til forprosjekt på VA, dette for å imøtekome komande krav og nødvendig utbetring vatn- og avløpsanlegg.

### Vassforsyning:

Stad/ anlegg	Tiltak	År	Ca mill.
Høydalsmo VV	Utvide kapasitet og sikre prosess/ behandling	2023	0,5
Dalen VV	Forprosjekt - utgreie vassbehandling for å heve pH og stabilisere alkaliteten på vatnet	2023	0,1
Hallbjønnsekken VV	Opprusting av UV anlegg til dagens krav. (Pålegg Mattilsynet)	2023	0,1
Leidningsnett	Rehabilitering og utskifting av VA – leidningar, køyre kameraovervaking i 2021 som grunnlag for prioritering	2021 - 2024	1,0
Åmdals Verk VV	Montere UV - anlegg	2023	0,45

### Avløpsanlegg:

Stad/ anlegg	Tiltak	År	Ca. mill
Hallbjønnsekken RA	Utarbeide konkurransegrunnlag for rehabilitering av anlegget. Forprosjekt for å kartlegge trase, da trase utgjør store deler av utgifta.	2023	0,4
Dalen RA	Rein/u-rein sone og slambehandling - forprosjekt	2023	0,3
Høydalsmo RA	Skifte ut avvatningsutstyr som er 35 år gammalt – Utarbeide grunnlag for konkurranse.	2019-2021	0,7

### **8.3 Investeringar, tabell 2:**

Det er stort behov for utskifting av utstyr, samt oppgradering av bygningar og anlegg på tekniske avdelingar. Me legg til grunn maskinplan, førebels V/A – plan, trafikksikringsplan, vegplan og vedlikehaldsplan, ved prioriteringar av investeringar. I tillegg kjem nye, prioriterte prosjekt ved budsjetthandsaminga.

Me prøvar å leggje fram realistiske budsjetteringar, då det er avgrensa kapasitet administrativt til å følgje opp planlegging og gjennomføring av store prosjekt. Samstundes vil det ofte kome fram endra føresetnader i planleggingsfasen, slik at summar og tidspunkt for investeringa kan bli endra.

#### **Prioritering av innkjøp etter maskinplan 2023**

Ny tankbil er bestilt og vil bli finansiert i 2023, eige politisk sak, satt av kr 5,3 mill. 2 nye grasklipparar til ein samla verdi på kr 300 000 totalt 5,6 mill.

#### **Reinseanlegg Hallbjønnsekken:**

I K-sak 21/23 blei det løyvd kr 24 mill til nytt reinseanlegg på Hallbjønnsekken. Etter stor prisstigning siste halvår, blir det rekna med ei auke på 40-45% fram til i dag. Dette gjev ein ny investeringssum på kr 41 millionar.

Difor er det viktig å avklare kostnader på nytt anlegg, for å få betre oversikt over kostnader, val av trase og ikkje minst kunne sjå kostnadane opp i mot kvarandre.

#### **Nytt UV anlegg Hallbjønnsekken vassverk**

Resterande beløp aukast med kr 100 000 dette for å slutføre prosjektet.

#### **Vassforsyning Høydalsmo**

Etter mange år med testing/ boring etter ny vasskjelde på grunn av høgt manganinnhald, må me prøve å lande på ei permanent løysing som gjev auka kapasitet og naudsynt vassbehandling. Kr 500 000 til forprosjekt.

#### **Driftsovervaking - oppgradering automasjon**

Gjeld vidare utskifting for driftsovervaking på fleire vassverk.

#### **Låsesystem kommunale bygg:**

Vidare utbetring av låsesystem, satt av 600 000 i 2023.

#### **Oppgradering av kommunale utleigeeiningar:**

Overført 1 mil frå 2022, det vil bli brukt ca. 1,4 mil i 2023 på oppgradering..

#### **Oppgradering av aldersboligar**

Dette må inn som eige, nytt investeringsprosjekt for at me om eit par år skal kunne søkje midlar får husbanken. *Det er mogleg at me får støtte til deler av oppgraderinga, dvs støtte til dagens krav for universell utforming, med inntil 55 %.*

*Avventes til støtta frå Husbanken er avklara*

#### **Nye omsorgsbustader**

Det er planlagt bygging av 10 nye omsorgsbustader i 2022, jfr vedteke investeringsbudsjett for økonomiplanperioden og behov spela inn frå helse/omsorgsetaten i tidlegare budsjett. Husbanken har vore å godkjent plasseringa som er i samsvar med gjeldande

reguleringsplan. Kostnadsestimatet er 21 mill. Husbanken gjev støtte på inntil 45 % av kr 3 529 000 per bustad.

Avventes til støtta frå Husbanken er avklara

### **Bad avd A Tokke helsesenter**

2 pasientrom delar i dag på eit bad på avd A. Det er behov for å bygge eit bad til kvart rom. Forprosjekt bør gjerast i 2022. Her er det også gode støtteordningar frå Husbanken, 55% som har vore på synfaring.

Avventes til støtta frå Husbanken er avklara

### **Bustadtomter Åmdals Verk**

Prosjektet 59 grader nord er etablert. Nye bustadtomter er eit av delprosjekta der det er søkt og løyvd noko eksterne midlar til. Arbeid med reguleringsplan skal i gang i eigenregi så snart me har kapasitet.

### **Sjøbui, Lårdal**

Tokke kommune eig gamle sjøbui i Lårdal, som er ein del av dei freda anlegga langs Telemarkskanalen. Det er nødvendig med utbetring av steinpilar, det er antatt til ein kostand på 125 000.

### **Kommunale vegar**

VTFK ynskjer å overta 166 stk. gateljos langs fylkesveg, dei må utbetras fyri overtakelse. Dette må prioriterast, då det på sikt vil gje mindre utgifter til vedlikehald og strøm.

### **Konstruksjon Dalen kanalbåtbryggje:**

Arbeidet vil utførast i løpet av 2023, jf tilstandsrapport.

Bør ikkje utsettast ytterligare, då det er satt krav til utbetring i 2023.

### **Trafikksikringstiltak**

Investeringar som gjeld trafikksikringstiltak, er som følge av prioriteringar i trafikksikringsplan. Det er med bakgrunn i dette, søkt om eksterne midlar frå TS-ordninga (tidlegare Aksjon skuleveg). Skilting etc.

**Trafikkløysing/ parkeringsanlegg ved Vest – Telemark VGS:** Totalkostand 2 mill inkl mva, der me får dekt 60% dersom søknaden blir imøtekomen.

### **Gateljos Tønsbergkryss - Åsland:**

Oppstart haust 2022, ferdigstillast i 2023.

### **GS – veg langs fylkesvegen Gullkopp – Vistad bru:**

Utsatt jf. trafikksikringsplan til 2024.

### **Enøk – tiltak kommunale bygg**

Det vil bli utført kontinuerlig arbeid tilknytt enøk-tiltak. Der SD-anlegg er kostbart, men energieffektivt tiltak, som vil minske utgifter over tid. Avsett 1 mill.

### **Ny vasskjelde Høydalsmo**

Etter mange år med testing/ boring etter ny vasskjelde på grunn av høgt manganinnhald, må me prøve å lande på ei permanent løysing som gjev auka kapasitet og naudsynt vassbehandling. Forprosjekt estimera til 0,5mill.

### **UV anlegg Åmdals Verk**

Pålegg frå Mattilsynet, 450 000.

### **Dalen reinseanlegg**

Rein/Urein sone – garderobeanlegg må utbetrast. Samt at ein treng midlar til forprosjekt på slambehandling, avsett 300 000.

### **Kommuneverkstad**

Det er avsett midlar til utbetring garderobar og utvidelse av lager på kvar side må ein sjå i samanheng med lager

Tokke Kommune har utstyr for fleire millionar som må stå ute på grunn av manglande lagringsplass. Det er og behov for vaskehall med oljeavskillar, lagerhall og sandlager i eit bygg. Avsett 500 000,- i 2023.

### **Planarbeid for nybygg/vedlikehald – Tokke skule**

Det er viktig å kartlegge ynskje og bruk, difor sett av 500K i forprosjekt.

### **Elvarheim**

Vedlikehald av bygg, dårleg forfatning. Dette kan også vera eit enøk-tiltak. Avsett 2,5 mill i 2023 og 2,5, mill i 2024. Bruke eigne fagarbeidarar.

### **Carport kommunehus**

Kommunale bilar bør takast vare på, samt at ein får ladepunkter under tak. Antatt kr 500 000

### **Ventilasjon og Enøk på Høydalsmo skule**

Sd-anlegg, oppgradering av eks. anlegg. Enøk tiltak- manglar kjøling på 3 anlegg i dag'

### **Kryssing av FV 450 og ved Elvarheim**

jf. trafiksikringsplan. Samarbeid med VTFK

### **Tiltak for fremjing av gang/sykkel jfr. sykkelbygda**

jf. trafiksikringsplan. Delprosjekt jfr handlingsplanar. Avsett kr 250 000

### **Skafså Grendehus**

Brannvarsling er ikkje i tilfredstillande drift - BKL5 bygg, må tas nå. Kr 350 000

### **Åheim**

Brannvarsling -leiligheter. BKL 6 - mangler tilstrekkelig brannvarsling. Kr 350 000

### **Padlebrygge og rekerasjonspunkt Dalen brygge:**

Dalen er start/endestasjon for padleleden som går opp kanalen. Tilrettelegging for padlarar vil gje eit positivt inntrykk av Dalen som start/endestasjon. Universelt utforma padlebrygge vil gjere kanalen tilgjengeleg for alle.



### **Utsiktspunkt Skafsåberget:**

Tilrettelegge på ny parkeringsplass øvst i Skafsåberget med benkar. Lage enkel sti frå øvste hårnålsving i Skafsåberget og ut på ryggen ovanfor Tyskersvingen. Hogge litt skog for utsikt og plassere benk. Om dette blir populært kan ein på sikt vurdere å bygge ein liten plating der.

### **Bubilparkering brygga:**

Legge opp nye straumpunkt til bubilane. Handtere overflatevatn. Asfaltere. Pynte opp området og gjere det meir innbydande for gjester og fastbuande.

### **Styrketreningsrom i Høydalsmo:**

Det er ynskjeleg å opprette eit styrketreningsrom i Høydalsmo. Dette vil vere i samarbeid med Høydalsmo Idrottslag. Prosjektplan er snart fullført. Finansiering vil vere etter modell av Tokkegym. Ein søker eksterne midlar, samt at kommunen truleg må forskottere noko som etter planen vert dekt etter kvart ved sal av treningskort.

Samla investering 1,4 mil – det er forventa eksterne midlar med kr 500 000.

## **8.4 Mål i handlingsprogramperioden**

<b>Mål nr.</b>	<b>Utfordringar og tiltak</b>	<b>Mål</b>	<b>Mål nr.</b>
8.5.1	Utvikling av Dalen sentrum med bustadtomter, næringsareal, trafikksikring, sykkelbruk mm	Leggje til rette attraktive areal for bustadbygging, stadsutvikling og næring.	Planarbeidet vil ferdigstillast i 2023.
8.5.2	ENØK – tiltak og utvikling av klimavenlege energiløysingar på kommunale bygg og anlegg	Redusere straumutgifter og førebu overgang til eit grønt skifte.	Utføres i 2023
8.5.3	Leggje til rette for gode arbeidstilhøve, følgje opp HMS – krav med laglege bygg for teknisk drift/ kommuneverkstad.	Gode arbeidstilhøve og eigna tenestebygg.	Rein/u-rein sone, garderobar
8.5.4	Klimabudsjett – lage gode system og følgje opp felles klimaplan for Vest – Telemarkkommunane.	Følgje opp nasjonale mål og satsingar med tanke tiltak for å redusere utslepp av klimagassar.	Klima-satsinga kjem for fullt på mange område og må prioriterast.
8.5.5	Starte opp fleire prosjekt i eigen regi – arbeid fagarbeidere kan utføre.	Spare pengar og faglig utbytte	Mange spennande prosjekt vil komme i 2023.

## **8.5 Klimabudsjett**

### **Definisjonen på klimabudsjett:**

Klimabudsjett er eit styringsverktøy for å oppnå klimagassreduksjoner og andre vedtekne klimamål. Klimabudsjettet presenterar tiltak for å redusere utslepp, anslår effekt av tiltaka og fordelar ansvaret for gjennomføringa.

**Tiltak:**

